

Erling Berge

Alternativ til «økonomi»?

Bokmelding:

Mark Sagoff 1988: «*The Economy of the Earth*», 271 sider, Cambridge University Press, Cambridge,
ISBN 0-521-39566-6

Dette er ei bok om sosial - til skilnad frå økonomisk - regulering. Det er ei bok om reguleringar innført for å verne miljøkvalitetar, redusere risiko og fare på arbeidsplassen, sikre trygge og pålitelege varer for forbrukarane, og for å sikre alle lik rett til bustad og arbeid. Boka argumenterer for eit etisk, estetisk og kulturelt syn på måla for sosial regulering, og forklarer korleis ein ut frå eit slikt syn kan tilpasse måla til økonomiske, tekniske og andre skrankar som ellers kunne hindre at dei vart nådd. Boka hevdar at omgrepa innan ressurs- og velferds-økonomien som lenge har vore nytta til å rettferdiggjere politiske inngrep, særleg i miljøspørsmål, no er forelda og i stor grad representerer eit hinder for vidare framgang. Boka er såleis både ein kritikk av økonomane si tilnærming til miljøspørsmål og eit forsvar for ein alternativ måte å sjå problemet.

Det er ei velskriven og jamnt over lettlest bok om eit viktig tema. Men når underteikna vil hevde at dette er ei viktig bok, er det mest fordi kritikken den gir av økonomane si tilnærming til miljøproblema både er velinformert om økonomisk teori og grundig gjennomtenkt. Ei vidareutvikling av tesene her vil, etter mi meining, kunne seie

mykje om kvar grensa går mellom dei problem økonomane si tilnærming kan løyse og dei problema dei ikkje har andre føresetnader enn vanleg folk for å meine noko om.

Kort sagt kan ein seie at grensa der økonomane sin ekspertise ikkje lenger kan nyttast, går der økonomisk effektivitet ikkje lenger er eit gyldig kriterium å vurdere ressursbruken etter. I dag kan det sjå ut som at effektivitet er vorte eit altomfattande kriterium for ressursbruken. I alle samanhengar vil ein nytte/ kostnadsanalyse gi svaret på korleis ressursane skal brukast. Men mange - kanskje særleg ikkje-økonomar - har ei kjensle av at dette umogeleg kan vere rett. Sagoff forklarer kvifor.

Økonomar og planleggarar hevdar gjerne at to viktige verdiar ligg til grunn for all regulering. Den eine er effektiv ressursutnytting i produksjonen av dei goder og tenester ein ønskjer seg. Den andre er rettferdig fordeling av kjøpekraft til å kjøpe desse goda og tenestene. Når ei regjering legitimt kan gripe inn med reguleringar er det da anten for å korrigere marknader der desse ikkje maktar å allokkere ressursane effektivt til dei som vil betale mest og såleis ikkje bidrar til å gjøre "samfunnskaka" størst mogeleg; eller det er for å omfordele kjøpekraft slik at alle kan få ein rimeleg bit av "samfunnskaka".

Jamstellinga av effektivitet og rettferd som mål for samfunnet, gir rom for ulik tilnærming til økonomisk og sosial regulering. Hovudmålet med den økonomiske reguleringa er å sjå til at

dei ulike næringane er konkurransedyktige ved å passe på at monopoltendensar, kartell, prisavtalar og liknande ikkje får utvikle seg. Den sosiale reguleringa har som mål, ikkje berre å sikre ei rimeleg og rettferdig fordeling, men også å sikre at alt det ulike næringar brukar og produserer får ein samfunnsmessig rett pris. Regjeringa kan dermed legge avgifter på bruk av fellesressursar eller på utslepp frå produksjonsprosessar slik at produktprisen reflekterer den sanne kostnaden for samfunnet av produksjonen, inkludert sokalla "eksternalitetskostnader" for uinvolverte tredje-partar.

Ei vanleg tilnærming til miljøproblem mellom økonomar er å definere eideomsrettar til alle ressursar. Dette gjer dei for å kunne gi alle produkt ein samfunnsmessig rett pris. Tilnærningsmåten er basert på at det dukkar opp eksterne effektar når det ikkje er definert presise eigarrettar til fellesressursar eller - ekvivalent - fordi det ikkje finst marknader for handel med alle slags goder (t.d. kulturlandskap, rein luft etc.). Gjennom innføring av fornuftige avgifter og "skyggeprisar" (hypotetiske marknadsprisar) meiner ein at desse ressursane vil gå til dei som er villig til å betale mest og vil da gje størst bidrag til produktiviteten, velferden eller rikdommen i samfunnet. Svært mange ressursøkonomar meiner at offentleg politikk for naturressursar og miljøgode burde vere å skape eller simulere (gjennom survey-granskningar av betalingsvilje) marknader for ressursar utan pris eller eigarar slik at marknaden eller - om det er umogeleg å få til ein marknad - regjeringa kan krevje ein pris som speglar den verkelege samfunnsmessige verdien. For ressursøkonomen er årssaka til miljøproblem, utrygge arbeids-

plassar og farlege konsumvarer å finne i det faktum at slike gode ikkje kan omsetjast på nokon marknad.

Dette synspunktet vil Sagoff argumentere imot. Han meiner at gode som reint miljø, trygge arbeidsplassar og ufarlege produkt, ikkje primært er eit spørsmål om økonomisk effektivitet, men eit spørsmål først og fremst av moralsk, estetisk, kulturell og politisk karakter. I dagens situasjon har spørsmålet om effektiv ressursallokering vorte eit blindspor som tar bort merksenda frå dei moralske, estetiske, kulturelle og politiske måla som sosial næringsregulering bør baserast på.

Sagoff understrekar imidlertid at han har stor sans for kor viktig frie marknader er. Mange viktige verdiar - fridom, sjølvråderett, konkurranse, respekt for eideomsrettar og så vidare - er knytt til eksistensen av marknader. Verdien "effektiv ressursallokering" er imidlertid ikkje knytt til eksistensen av marknader. Økonomisk effektivitet, hevdar Sagoff, er ikkje knytt verken til personelege rettar eller eideomsrettar. Argumentet om økonomisk effektivitet er i dag først og fremst eit påskot for sentral planlegging og offentleg regulering. Ein planleggar treng sjeldan leite lenge etter ein eksternalitet eller gratispassasjer om han synest ei regulering treng grunngjevast.

I staden for å ty til økonomisk effektivitet som grunngjeving for offentlege reguleringar, meiner Sagoff ein må vende seg til viktige fellesverdiar som helse, velvære, tryggleik, reinsemd, og respekt og vørndad for naturen som grunngjeving for offentlege inngrep. Dette vil vere det rette grunnlaget for sosial næringsregulering.

Boka kan seiast å argumentere for ein positiv og ein negativ påstand. Den negative påstanden er ganske enkelt at marknadssamanbrot i seg sjølv

verken er eit nødvendig eller tilstrekkeleg grunnlag for sosial regulering. Denne tesen skulle ikkje vere overraskande. Lovene som ligg til grunn for Statens forurensingstilsyn eller Arbeidstilsynet byr desse organisasjonane å sjå til at visse etiske, estetiske og kulturelle mål som til dømes eit reinare miljø etter ein tryggare arbeidsplass vert nådd. Lover av denne typen vil vanlegvis ikkje ha som mål å etablere, sikre eller forbetra effektiviteten på ein marknad.

Sjølv om vi kan formulere somme miljø-, helse-, og offentlege tryggleiksproblem som marknadssamanbrot, vil freistnader på å gjøre det for alle slike problem kreve at vi frivillig lar all kritisk fornuft fare. Freistnader på å forklare eller rettferdiggjere populære politiske avgjerder, som til dømes å verne ein trua dyreart, med at dei er nødvendige for å "korrigere" eit marknadssamanbrot, er oftast så urimelege at dei må setje anten metoden eller konklusjonen i vanry.

Samfunnets regulering av tryggleiken til forbrukargoder, arbeidsplassane og miljøet er historisk sett eit svar på trøngen for å gjøre marknadane meir humane, ikkje nødvendigvis for å gjøre dei meir effektive. Lovgjevinga strevar først og fremst etter å hindre skade, sorg, liding og død, ikkje etter å korrigere marknadssamanbrot eller kompensere for ulik forhandlingsstyrke.

Den positive tesen til Sagoff er at sosial regulering gir uttrykk for kva ein nasjon trur på, kva den er og kva

den står for, ikkje berre kva den einskilde ønskjer å kjøpe som individ. Sosial regulering reflekterer offentlege verdiar valde i fellesskap. Desse kan godt vere i konflikt med dei ønskje og interesser kvar einskild har som individ. Det er sjølvsagt grunnleggande for fridomen vår at indvida står fritt i å freiste å stette dei personlege preferansane sine under kjente og rettferdige vilkår. Men fridomsomgrepet har også i seg at kvar einskild står fritt til å velje samfunnsmessige ideal saman med medborgarane sine og til å iverksetje desse ideala på måtar som er konsistente med personlege og politiske rettar i ein rettsstat.

Den sosiale reguleringa - til skilnad frå den økonomiske - har, i følge Sagoff, fundamentalt sett å gjøre med ein nasjons identitet. Det er ikkje eit spørsmål om kva individ eller grupper ønskjer. Det er heller ikkje eit spørsmål om kva dei trur på. Det er først og fremst eit spørsmål om kva dei er. Dette er problemstillingar som ikkje har teoretiske svar. Svara har å gjøre med historia og lagnaden til eit folk, og det synet eit folk har på seg sjølv. I dette finst nettopp ikkje nokon metode for å ta vanskelege avgjerder eller gi oss avvegingar mellom effektivitet og rettferd. Ein må lite på dei dydane som ligg i grundige vurderingar - åpent sinn, skikkeleg vurdering av detaljar, godt humør og sunn fornuft. Økonomar har her ikkje meir å bidra med enn anna folk.